

Vil du delta i forskingsprosjektet

## **Logopedpraksisen - treng vi meir erfaring i arbeid med minoritetsspråklege afasipasientar?**

### **Føremålet med prosjektet**

Dette er eit spørsmål til deg om du vil delta i eit forskingsprosjekt, der føremålet er å få meir kunnskap om det logopediske praksisfeltet. Der logopedane deler sine erfaringar i møte, og i arbeidet med minoritetsspråklege afasipasientar. Målet er å fremme erfaringar ved arbeidet med denne pasientgruppa. I dette skrivet vil du få informasjon om prosjektets føremål, og kva deltaking vil innebære for deg.

Som student ved Universitetet i Oslo, skal eg til å starte mitt eige forskingsprosjekt som vil vere grunnlaget for masteroppgåva mi. Målet med dette forskingsprosjektet er å få kunnskap om korleis møte minoritetsspråklege afasipasientar i praksis, og korleis det er å arbeide saman med dei. Studentprosjektet avsluttast sommar 2024.

### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

Du får denne førespurnaden fordi du er ein fagperson med kjennskap til praksisfeltet, dermed ynskjer eg ditt bidrag. Det logopediske praksisfeltet er relativt lite, og dermed er det viktig at dine erfaringar i arbeidet med minoritetsspråklege afasipasientar blir høyrte. Bidraget vil bestå av, informasjon om korleis praksisfeltet arbeidar med minoritetsspråklege afasipasientar. Det er viktig å presisere at eg ikkje er ute etter informasjon som er belagt av teieplikta, men etter erfaringane du som logoped har danna deg gjennom åra du har arbeida med denne pasientgruppa.

### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

Universitetet i Oslo er ansvarleg for personopplysingane som blir behandla i prosjektet.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Det vil ikkje føre til negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta, eller om du seinare vel å trekke deg.

### **Kva inneber det for deg å delta?**

Dersom du ynskjer å delta, vil du delta i eit intervju som varar i ca. 30-60 minuttar. Intervjuet vil bli tatt opp med ein lydopptakar. Lydopptaket vil bli transkribert og deretter sletta. Alt av personopplysningar eller andre opplysningar som kan vere gjenkjennelege vil bli anonymisert. Målet med intervjuet er å samle inn kunnskap frå det logopediske praksisfeltet om det aktuelle forkingstemaet.

### **Kort om personvern**

Vi vil berre bruke opplysningane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar personopplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Du kan lese meir om personvern på neste side.

Venleg helsing

Melanie Kirmess  
(Rettleiar)

Paulina M. Kudyba  
(Student)

## **Utdjupande om personvern – korleis vi oppbevarer og brukar opplysingane dine**

Når det kjem til tilgangen på personopplysningane er det berre eg som forskar som vil ha tilgang til dei. Disse vil bli lagra på UIO sine servere, og vil handle i tråd med UIO sine retningslinjer for lagring av data. Kontaktinformasjonen som telefon nummer/e-post og fullstendig namn, vil kunn bli brukt for kontaktdanning og avtale til intervju. Deretter vil denne typen informasjon bli sletta.

Ved transkribering av intervju vil namnet ditt få eit nytt fiktivt namn. Dette for at du skal vere anonym og ingen skal kunne kjenne deg igjen. Viss du likevel ynskjer å ikkje vere anonym, ver vennleg å huk av på dette i skrivet under.

## **Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?**

Vi behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Universitetet i Oslo har personverntenestene ved Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør, vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet vil skje i samsvar med personvernregelverket.

## **Rettane dine**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- å be om innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Vi vil gje deg ei grunngjeving dersom vi meiner at du ikkje kan identifiserast, eller at rettane ikkje kan utøvast.

## **Kva skjer med personopplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Masteroppgåva skal etter planen leverast inn sommaren 2024. Data vil likevel bli oppbevart til sommaren 2026 med tanke på vidare publisering, eventuelle forseinkingar etc.

Opplysingane om deg vil då sletta etter at prosjektet er avslutta, eller viss informanten ynskjer å trekkje seg. Med tanke på at intervju er transkriberte og anonymiserte vil det ikkje finnast

nokon lydopptak på dette tidpunktet. Alt av kontakinformasjon vil også bli sletta etter at prosjektet er avslutta og godkjent.

## Spørsmål

Dersom du har spørsmål eller vil utøve rettene dine, ta kontakt med:

- Universitetet i Oslo ved Paulina M. Kudyba på e-post: [paulinmk@uio.no](mailto:paulinmk@uio.no) eller på telefon: 91796073
- Universitetet i Oslo ved Melanie Kirmess på e-post: [melanie.kirmess@isp.uio.no](mailto:melanie.kirmess@isp.uio.no) eller på telefon: 22 85 80 68
- Personvernombudet ved UIO er Roger Markgraf-Bye på e-post [personvernombud@uio.no](mailto:personvernombud@uio.no)

Dersom du har spørsmål knytt til vurderinga frå Sikt sine personverntenester, kan du ta kontakt på e-post: [personverntjenester@sikt.no](mailto:personverntjenester@sikt.no), eller på telefon: 73 98 40 40.

---

## Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet *Logopedpraksisen – treng vi meir erfaring i arbeid med minoritetsspråklege afasipasientar?* og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)